



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

County Governor of Møre and Romsdal

Nettverkssamling for utvalde kulturlandskap og verdsarvområdet i Møre og Romsdal 2025

17.-18.september i år blir det nettverkssamling for UKL-områda i Møre og Romsdal, og verdsarvområdet Vestlandsk Fjordlandskap Geirangerfjorden.

Vi besøker det nyaste området i UKL-familien, nemleg storslåtte Eikesdalen.

Programmet er innhaldsrikt med foredrag og bilder, befarang, samt diskusjon om kva for verdier vi skal prioritere i forvaltninga av områda. Viktigast likevel er å danne nettverk mellom ulike UKL- og verdsarvområda i fylket.

Arrangør: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i nært samarbeid med Molde kommune og Arbeidsutvalet AU for UKL Eikesdalen.

Målgruppe er personer frå forvaltninga i UKL/ARV-kommunane og gardane eller frivillige org./samarbeidsgruppe ifrå områda. Fordelingsnøkkel for påmelding frå kvart UKL/ARV-område/kommune: 2 frå forvaltninga og 3 frå gardane eller frivillige org./samarbeidsgruppe. Deltakarane må dekke reiseutgiftene sjølve – program, overnatting og mat blir betalt av arrangør.

Påmelding til Marianne Aas Halse innan 1.september 2025; marianne.halse@statsforvaltaren.no

Gi beskjed om du er med begge dagar, om du ønsker overnatting, og evt matallergiar.

Velkommen!



Foreløpig program: (kan komme endringar)

- Onsdag 17.september:

- Kl 17:00 Middag på Vertshuset Eikesdal
- Kl 18:00 Opent møte: Foredrag med Oskar Puschmann – Om verdien og gleda av fotografi frå kulturlandskap gjennom historia. Refotografering i Eikesdal.
 - ❖ Kaffi og biteti....og kanskje ei overrasking
 - ❖ Overnatting på hytter i Eikesdalen

- Torsdag 18.september:

- Kl 08:00 Frukostmøte på Vertshuset i Eikesdal med tema «Kva verdiar er det vi skal forvalte i UKL- og verdsarvområda?», ved Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- Kl 09:30 Prosessen med å komme i gang med stell av haustingsskog av hassel og alm i nåtida. Ved Marit Wadsten frå arbeidsutvalet i UKL Eikesdalen.
- Kl 10:00 Bjørn Austigard fortel om haustingsskogen og kulturlandskapet i Eikesdal.
- Kl 11:30 Lunsj
- Kl 12:30 Synfaring på Botnasetra der Lervike er i gang med istandsetting. Martin Herrmann frå Lervik er med. På veg opp ser vi på nypila alm på teigar nære vegen.
- Kl 14:45 Avslutning og vel heim